

Like perfekt Grønlandstur

01.05.2010

Grønlandsturen som geolog Sølvi Eik (35) frå Uskedalen er med på held fram på like perfekt vis og også rapporten frå den femte dagen fortel om strålande ver, blå himmel og lite vind.

På dag nummer 5 avvikla dei 23.3 kilometer. Målet var 25, men nokre skikkelege oppoverbakkar bremsa marsjen.

Under ein satelittsamtale vart gjengen spurt om det var noko dei sakna, men svaret var negativt! Alt tyder på at førebuingane til denne ekspedisjonen har vore perfekte både med omsyn til utstyr og trening.

Når det gjeld den lokale deltakaren, kan vi opplysa at firmaet ho jobbar i som geolog, Wintershall Norge, er ein av sponsorane bak turen.

Ellers er Sølvi er ivrig fjelltråvar og ho driv ein del med klatring. I yngre år var ho aktiv på ski, som mange andre i denne delen av Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen